Møte nr. 4/20

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: **måndag 23. november 2020**
Tid: **kl. 13.00**
Sted: **nettmøte (Teams)**

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post*@kontrollutvalgene.no*

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at varamedlem kan bli innkalla.
Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Kommunedirektør/kommunalsjef er invitert i sak 22

SAKLISTE:

21/20 Godkjenning av protokoll frå møte 21.09.20

22/20 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef oppvekst og kultur

23/20 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

24/20 Forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2019 – revisor si attestasjonsuttale

25/20 Revisor si eigenerklæring for 2020

26/20 Orientering om revisjonsplan for rekneskapsåret 2020

27/20 Framlegg til møteplan for 2021

28/20 Referat- og orienteringssaker 23.11.20

Ymse

Aksdal, 16.11.20

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar (sign.)

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (invitert i sak 22)
Varamedlem (til orientering)

ETNE KOMMUNE

Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saks nr**
Kontrollutvalet	23.11.20	**21/20**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.09.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 21.09.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll får møte 21.09.20

Saksorientering:
Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 21.09.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen skal godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 16.11.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **21. september 2020** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Tollef Rullestad.

MØTESTAD:	Etne tinghus, formannskapssalen og Teams
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.45
MØTANDE MEDLEMER:	Tollef Rullestad (Ap), Nina Vierdal Vee (Sp), Ragni Sunniva Fett (V), Øyvind Kaldheim (Krf), Kjetil Winterthun (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Frode Løvlie på Teams i sak 16 og 17, Deloitte AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Bjørn Tollefsen og økonomisjef Filippo Ballarin i sak 14, 15 og 20
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sak 20 blei flytta fram og handsama etter sak 15

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 13/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.05.20

Sekretariatet si innstilling:
Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 18.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.20:
Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.20:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 18.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 14/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – V/KOMMUNEDIREKTØREN

Sekretariatet si innstilling:
Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunedirektør Tollefsen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.20:
Kommunedirektøren orienterte. Han forklarte om kommunen sin administrative organisering og heilskaplig styring. Kommunen har tre kommunalsjefar, og omlag 300 årsverk fordelt på 400 tilsette. Status for budsjettet for 2020 og forventa årsresultat viste at dei ville gå ut i balanse. Folketalsutvikling og demografiutvikling hadde særleg fokus. Fleire eldre vil gje kommunen store utfordringar i framtida. Økonomisjefen supplerte undervegs.

Kommunedirektøren svara på spørsmål om mellom anna kapasitet på sjukeheim, sjukefråvær, bruk av overtid, lærlingplassar, varsling- og avvikssystem.

Leiar takk for ei god og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.20:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunedirektør Tollefsen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

SAK 15/20 OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «INNKJØP»

Sekretariatet si innstilling:
Etne kommunestyre tar kommunedirektøren sin tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Innkjøp» til orientering

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.20:
Økonomisjefen orienterte kort og viste til den skriftlege tilbakemeldinga som var vedlagt saka. Utvalet var nøgd med oppfølginga og hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.20 og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tar kommunedirektøren sin tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Innkjøp» til orientering

SAK 16/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020 - 2024 – ETNE KOMMUNE

Sekretariatet si innstilling:
Etne kontrollutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre/med desse endringane…….

Og innstilling til kommunestyret:
Etne kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre.

Etne kommunestyret gjev kontrollutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3.

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.20:
Forvaltningsrevisor Løvlie deltok via Teams. Han orienterte kort om framlegget til plan slik den var lagt fram. Medlemmene drøfta prioriteringane dei hadde gjort i maimøtet. Utvalet blei samd om å flytta prosjekt nr. 3 om «Trygt og godt skulemiljø» opp som prosjekt nr. 1. Dei andre prosjekta vil då flytta ein plass ned.

Utvalet var samd om at planen kan sendast til kommunestyret med denne endringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.20:

Etne kontrollutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 med desse endringane: prosjekt nr. 3 blir flytta opp som nr. 1, og dei andre prosjekta vil då flytta ein plass ned på lista.

Og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre og med følgjande prioriterte prosjekt:

Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

1. *Trygt og godt skulemiljø*
2. *Bemanning, rekruttering og sjukefråvær*
3. *Kontrakts- og leverandøroppfølging*
4. *Tilpassa opplæring og spesialundervisning*
5. *Pleie og omsorg*
6. *Næring og landbruk*
7. *Internkontroll og kvalitetssystem*
8. *Skakke SA*
9. *Tomteselskapet Etne AS*
10. *Øyane Asvo AS*

Etne kommunestyret gjev kontrollutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3.

SAK 17/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – ETNE KOMMUNE

Sekretariatet si innstilling:
Etne kontrollutval vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 slik den ligg føre/med endringar/tillegga……

og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyret vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020- 2024 slik den ligg føre.

Retningslinjer for eigarskapskontroll i Etne kommune blir vidareført slik dei ligg føre.

Etne kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-4.

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.20:
Forvaltningsrevisor Løvlie gjorde kort greie for at eigarskapskontroll er revidering av kommunen sin oppfølging av selskapet.

Utvalet slutta seg til prioriteringane slik dei var lista opp og hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.20:

Etne kontrollutval vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 slik den ligg føre.

Og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyret vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020- 2024 slik den ligg føre og med følgjande prioriteringar:

Prioriterte eigarskapskontrollprosjekt

1. *Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen*
2. *Eigarskapskontroll av Skakke SA*
3. *Eigarskapskontroll av Tomteselskapet Etne AS*
4. *Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter*

Retningslinjer for eigarskapskontroll i Etne kommune blir vidareført slik dei ligg føre.

Etne kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-4.

SAK 18/20 BUDSJETT 2021 - KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN-KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:
Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Etne kommune for 2021 vert på i alt
kr 712 000,- eks mva fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	107 800
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	189 200
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	415 000

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.20:
Leiar gjorde kort greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til budsjettframlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.20 og innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Etne kommune for 2021 vert på i alt ***kr 712 000,- eks mva*** *fordelt på følgjande:*

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	*kr*	*107 800*
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	*kr*	*189 200*
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	*kr*	*415 000*

SAK 19/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 21.09.20

18. Statusrapport pr. september 2020
19. Protokoll frå repr. møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland 15.05.20
20. Protokoll frå repr. møte i Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS 27.05.20
21. Protokoll frå repr. møte i Haugaland Vekst IKS 12.06.20
22. «Kontrollutvalget kan kreve at kommunedirektøren stille på møte» - Kommunal Rapport

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.20:
Sekretær orienterte om referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.20:

Referatsakene 18 – 22 vert tatt til orientering.

SAK 20/20 VAL AV REVISJON FRÅ 01.07.21 – KONKURRANSE-BASERT ELLER INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Sekretariatet si innstilling:

ALTERNATIV A

Etne kontrollutval vil tilrå Etne kommune å **velje interkommunalt samarbeid** om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Sak om innhaldet i samarbeidsavtala vert lagt fram for utvalet før oppstart.

og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vel å gå inn i eit **interkommunalt samarbeid** om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Kommunedirektøren legg fram sak om den nye selskapsavtalen og finansiering av innskot seinare i haust eller på nyåret 2021.

ALTERNATIV B

Etne kontrollutval vil tilrå Etne kommune å **fortsetje og kjøpe alle revisjonstenester i markedet** gjennom å konkurranseutsette tenesta i nytt anbod hausten 2020.

Kontrollutvalssekretariatet knyter til seg naudsynt hjelp frå Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet og økonomisjefen i kommunen ved utforming av konkurransegrunnlaget og ved evaluering av anboda.

Sekretariatet førebur sak til kontrollutvalet og kommunestyret våren 2021 om val av revisor frå 01.07.21.

I konkurransegrunnlaget settast det opp følgjande **tildelingskriterier**:

- pris 35 %
- kvalitet 65 % (spesifiserast nærmare vedk. kompetanse, erfaring og løysingsforslag).

I fastdelen inngår hovuddel av rekneskapsrevisor sine oppgåver, dvs. revisjon av årsrekneskap, forenkla etterlevingskontroll, diverse attestasjonar, spillemiddelrekneskap, finansreglement, lån, bebuarekneskap, EU-prosjekter, osv. (spesifiserast nærare i konkurransegrunnlaget).

I timebetalt oppdrag inngår bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Fullstendig beskrivelse av leveransen vil følgje i «kravspesifikasjon».

Estimert verdi på avtalen er samla 0,5 mill. kroner årleg. Total kontraktsverdi er ca. 2 mill. kroner.
Desse beløpa beror på estimat med bakgrunn i historiske tall og skal ikkje medføre nokon forpliktingar for oppdragsgjevar eller rettighetar for tilbydar. Det tas atterhald om endringar i volum som følgje av endra økonomiske rammevilkår, prosjekter og kommunal aktivitet.

Rammeavtalen trer i kraft frå 01.07.21 og varer til 30.06.25. Oppdragsgjevar vil ha en opsjon på å forlengje avtalen i ytterlegare 1 + 1 år, i henhold til dei vilkår som er avtalt i kontrakten.

og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vel å fortsetje og **kjøpe alle revisjonstenester i markedet** gjennom å konkurranseutsette tenestene i nytt anbod hauste 2020.

Kontrollutvalssekretariatet knytte til seg naudsynt hjelp frå Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet og økonomisjefen i kommunen ved utforming av konkurransegrunnlaget og ved evaluering av anboda.

Sekretariatet førebur sak til kontrollutvalet og kommunestyret våren 2021 om val av revisor frå 01.07.21 på bakgrunn av innleverte tilbod.

Handsaming i kontrollutvalet 21.09.20:
Sekretær gjorde greie for saka. Medlemmene, ordførar, kommunedirektør og økonomisjef hadde ei grundig drøfting om dei ulik ordningane. Sekretær svara på spørsmål.

Ved votering fekk alternativ A 5 stemmer og alternativ B 0 stemmer.

Utvalet vil tilrå at kommunen søkjer opptak som deleigar i Rogaland Revisjon IKS.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.09.20:

Etne kontrollutval vil tilrå Etne kommune å ***velje interkommunalt samarbeid*** *om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.*

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Sak om innhaldet i samarbeidsavtala vert lagt fram for utvalet før oppstart.

og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vel å gå inn i eit ***interkommunalt samarbeid*** *om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.*

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Kommunedirektøren legg fram sak om den nye selskapsavtalen og finansiering av innskot seinare i haust eller på nyåret 2021.

YMSE
Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 23.11.20, kl. 13.00

Saker: orientering frå kommunalsjef for oppvekst og kultur, rapport om «Forum for oppvekst i Sunnhordland», revisjonsplan og møteplan for 2021.

Etne/Aksdal, 21.09.20

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

ETNE KOMMUNE Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnr**
Kontrollutvalet	23.11.20	**22/20**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF OPPVEKST OG KULTUR

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunaldirektør for oppvekst og kultur om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Saksorientering
Utvalet vedtok i møtet 18.05.20, sak 11/20 følgjande:

> *Etne kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:*
>
> *21.09.20 fellestenester v/kommunedirektør*
> ***23.11.20 oppvekst og kultur v/kommunalsjef Sævik***
>
> *<u>2021</u>*
> *Møte 1 helse og omsorg v/kommunalsjef*
> *Møte 2 utvikling og drift v/kommunalsjef Lundberg*
> *Møte 3 økonomi v/økonomisjef Ballarin*
> *Møte 4 personalavd. v/personalsjef Kallestadbakken*
>
> *Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.*

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei sendt kommunedirektøren 26.05.20.

Sekretariatet vil gjere framlegg om følgjande tema (berre rettleiande):

Tenesteområda og tenestetilbod
• Korleis tenesteområda er organisert
• Kva tenester som ligg til tenesteområda

ETNE KOMMUNE Saksframlegg

Dei tilsette
• Fordeling på dei ulike tenestene
• Rekruttering av medarbeidarar
• Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap
• Rammer
• Resultat

Tankar om framtida
• Utfordringar
• Planar

Tidsrama er sett til 30-40 minutt inkludert spørsmål. Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 16.11.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

ETNE KOMMUNE Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnummer**
Kontrollutvalet	23.11.20	**23/20**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Odd Gunnar Høie	216	

VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet …….til neste møte.

Bakgrunn:
Ifølge forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør i dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å tinga frå revisor.

Saksorientering:
Nytt prosjekt for forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll kan tingast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon eller Plan for eigarskapskontroll. Nye planar for perioden 2020-2024 blei vedteken av kommunestyret 27.10.20, etter innstilling frå kontrollutvalet.

Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i plan for forvaltningsrevisjon:

1. *Trygt og godt skulemiljø*
2. *Bemanning, rekruttering og sjukefråvær*
3. *Kontrakts- og leverandøroppfølging*
4. *Tilpassa opplæring og spesialundervisning*
5. *Pleie og omsorg*
6. *Næring og landbruk*
7. *Internkontroll og kvalitetssystem*
8. *Skakke SA*
9. *Tomteselskapet Etne AS*
10. *Øyane Asvo AS*

Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i plan for eigarskapskontroll:

1. *Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen*
2. *Eigarskapskontroll av Skakke SA*
3. *Eigarskapskontroll av Tomteselskapet Etne AS*
4. *Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter*

ETNE KOMMUNE Saksframlegg

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt.

I førre periode blei følgjande prosjekt gjennomført:

Innkjøp (2019)
IKT og informasjonstryggleik (2018)
Sjukefråvær (2017)

Sekretariatet sine kommentarar
Forvaltningsrevisjon skal være betringsorientert, og ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom det blir avdekka avvik eller peika på moglege betringsområder.

Budsjettert ramme for forvaltningsrevisjon er ca. 250 timer, ut i frå utvalet si innstilling til neste åres budsjett. Kommunestyret vil venteleg løyva dette i desembermøtet. Dette vil dekke kostnadane til eit prosjekt ved bruk av revisjonen.

Kontrollutvalet må drøfte kva for prosjekt dei ønskjer å velje no. Sekretariatet finn det naturleg at utvalet vel det som i planen er satt opp med fyrsteprioritet.

Sekretariatet vil i etterkant av møtet be revisor komme med framlegg til prosjektplan og leggje fram sak om tinging i neste møte.

Aksdal, 16.11.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

ETNE KOMMUNE Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnummer**
Kontrollutvalet	23.11.20	**24/20**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Odd Gunnar Høie	033	

FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMI-FORVALTNINGA FOR 2019 – REVISOR SI ATTESTASJONSUTTALE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2019 til orientering.

Vedlegg: Attestasjonsuttale om økonomiforvaltninga for Etne kommune – frå Deloitte AS, dagsett 04.09.20

Bakgrunn

Ifølgje ny kommunelov § 24-9 skal «*regnskapsrevisor se etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.*

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen».

Dette vert kalla forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Som følgje av korona-pandemien har fristen i år vert utsett til 15. september.

I følgje Deloitte har dette vore ein del av deira rutine også tidlegare år, men det nye for dei er at det skal skrivast ut ei eigen attestasjon for denne kontrollen.

Lovforarbeida visar til intensjonen med dette at revisor innanfor ei avgrensa ressursramme kan bidra til å førebygge svakheiter og sikre at kommunen følgjer sentrale bestemmelser og vedtak på økonomiområdet. Dette vil byggje opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis og kan også gje kontrollutvalet eit betre grunnlag til å tinge forvaltningsrevisjon og andre undersøkingar.

ETNE KOMMUNE Saksframlegg

Det er sagt at revisor skal ha ei brei tilnærming, men likevel at kontrollen skal gjerast innanfor ei avgrensa ressursramme. Dette vil mellom anna krevje ei god risiko- og vesentlegvurdering hos revisor.

Det er mellom anna vist til eksemplar på områder/tema for mulig forenkla etterlevingskontroll innan:

- Sjølvkost
- Offentlege anskaffingar
- Offentleg støtte
- Etterleving GDPR
- Driftstilskot til private barnehagar
- Tilskot/overføringar til private
- Kontraktsoppfølging.

Ikrafttreding for § 24-9 er satt frå fyrste konstituerande kommunestyre i 2019. Fyrste rapportering til kontrollutvalet skulle da ha vore seinast 30. juni 2020.

Uttalen for 2019
Deloitte AS har gjeve si uttale, dagsett 04.09.20, for Etne kommune om perioden 01.01-31.12.19. Attestasjonsuttalen er vedlagt saksframlegget.

Revisor konkluderer med:

> ***«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tro at Etne kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i regelverket.***
>
> ***Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltningen og til Etne kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål».***

Revisor vil i tillegg gje ei munnleg orientering til utvalet.

Konklusjon:
Dersom det ikkje kommer fram noko spesielt i møtet, vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte til orientering

Aksdal, 16.11.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Deloitte.

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til

Kontrollutvalget i Etne kommune

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 04.09.20
Journalført: 20/306/ogh
Arkivkode: 212

UAVHENGIG REVISORS ATTESTASJONSUTTALELSE OM ETTERLEVELSE AV BESTEMMELSER OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTNINGEN

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Etne kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen.

Vi har kontrollert perioden fra 01.01.2019 – 31.12.2019.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester) har Deloitte AS et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret. Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tro at Etne kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i regelverket.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltningen og til Etne kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Haugesund, 4. september 2020
Deloitte AS

Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

ETNE KOMMUNE Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saksnummer**
Kontrollutvalet	23.11.20	**25/20**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Odd Gunnar Høie	212	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2020

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa for 2020 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Vedlegg: Revisor si eigenerklæring, dagsett 12.08.20

Saksorientering:
Kommunelova § 24-4 og forskrift om kontrollutval og revisjon kap 3. §§ 16-21 slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd. Forskrifta slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jfr § 3 – *«påse…. at regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kap. 2 og 3»*.

Ifølgje kommunelova § 24-4 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærståande har ein slik tilknyting til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskrifta §§ 16-21 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei begrensninger som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:
I følgje forskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor **årleg**, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Revisor gjer der greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i forskrifta. Det går fram at det ikkje ligg føre noe som tilseier at ho ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Etne kommune. Fråsegna vert gjeve på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men bli tatt til orientering.

Aksdal, 16.11.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Deloitte.

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 13.08.20
Journalført: 20/277/osh
Arkivkode: 216

Eigenerklæring - Uavhengighet

Deloitte AS v/partner Else Holst-Larsen stadfestar at vi oppfyller krava til uavhengigheit i kommunelova § 24-4. Deloitte AS har gjennomført ein formell kontroll av eigen uavhengigheit for å identifisere eventuelle relasjonar mellom relevante personar i Etne kommune, og partnarar og andre tilsette i Deloitte som er underlagt revisorlova sine føresegner om uavhengigheit, utan at det er identifisert forhold som er til hinder for at vi utføre revisjonsoppdraget.

Detaljert eigenvurdering av uavhengigheit og andre krav jamfør forskrift om kontrollutval og revisjon følgjer punktvis under:

Særeigne tilhøve (§ 16)	Vi kjenner ikkje til at det ligg føre særeigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Etne kommune.
Nærståande (§ 17)	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærståande som har tilknyting til Etne kommune som er av betyding for vår uavhengigheit og objektivitet.
Tilsettingstilhøve (§ 18 a og b)	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos Etne kommune eller i verksemder som kommunen deltek i.
Medlem i styrande organ (§ 18 c)	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som Etne kommune deltek i.
Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit (§ 18 d)	Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Etne kommune.
Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet (§ 18 e)	Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings- eller andre tenester til Etne kommune som kjem i konflikt med krav til uavhengigheit og objektivitet.
Tenester under kommunens eigne leiings- og kontrolloppgåver (§ 18 f)	Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Etne kommune som høyrer inn under kommunen sine eigne leiings- og kontrolloppgåver.
Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige (§ 18 g)	Vi stadfester at Deloitte for tida ikkje opptrer som fullmektig for Etne kommune.
Eigenvurdering av uavhengigheit (§ 19)	Vi stadfestar at Deloitte løypande vurderer vår uavhengigheit, og at oppdragsansvarleg revisor årleg og ved behov gir ein skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.
Teieplikt og unntak frå denne (§ 20)	Vi stadfestar at alle medarbeidarar til revisor er kjend med teieplikta etter kommunelova § 24-4, og er forplikta til å overhalde denne.
Dokumentasjon (§ 21)	Vi stadfestar at Deloitte etterlever dokumentasjonskrava i forskrift om kontrollutval og revisjon § 21, inkludert at vi dokumenterer korleis revisjonen er gjennomført, kva resultatet er av revisjonen, at alle forhold som tilseier at det kan føreligge mislegheiter eller feil dokumenterast særskilt, og at både art, omfang og eventuelle tilrådingar av eventuell rådgjeving og andre tenester for revidert eining blir dokumentert. All dokumentasjon blir oppbevart på ein ordna og betryggande måte i minst 10 år.

Deloitte.

Haugesund 12.8.2020

Oppdragsansvarleg revisor

Else Holst-Larsen (partnar)

ETNE KOMMUNE Saksframlegg

SAKSGANG		
Utval	**Møtedato**	**Saks nr**
Kontrollutvalet	23.11.20	**26/20**

Saksansvarleg:	**Arkivkode:**	**Arkivsak:**
Odd Gunnar Høie	212	

Kan bli handsama i lukka møte – OFL § 24/KL § 11-5 tredje ledd bokstav b

ORIENTERING OM REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2020

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tar revisjonsplan 2020 for rekneskapsrevisjonen og presentasjonen frå revisor om interimsrevisjonen så langt i 2020 til orientering.

Vedlegg: Revisjonsplan 2020 for Etne kommune - Deloitte AS

Ifølge kommuneloven § 23-2 skal kontrollutvalet «***påse at kommunens regnskaper blir revidert på betryggende måte»*** og bokstav b «***det føres kontroll med den økonomisk forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak».*** Kontrollen blir gjennomført mellom anna ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa skal dekke både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følgje kommuneloven § 24-2 andre ledd og god kommunal revisjonsskikk skal revisor planlegge sitt arbeid, og då med ha årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne godkjenne rekneskapet. Deloitte AS har utarbeida ein slik plan for Etne kommune, som følgjer som vedlegg. Vedlegget er lagt ved som eige dokument.

Vedlegget er eit internt arbeidsdokument, men ifølge revisor finn ikkje ho grunn til at dette skal skånast, dvs. at det ikkje treng vere «ikkje offentleg».

Revisor vil i tillegg gje ein munnleg orientering til utvalet om hovudinnhaldet i arbeidet. Opplysningar som kjem fram i møtet kan bli vurdert som ikkje offentlege og møtet kan difor bli lukka, jfr. i medhald av Offentleglova § 24/ kommuneloven § 11-5 tredje ledd bokstav b, men dette skal også vurderast opp mot omsyn til meir-offentlegheit, før eventuelt lukking.

Rekneskapet vert ikkje avslutta før etter at rekneskapen for 2020 er avlagt våren 2020. Hovudarbeidet i det enkelte rekneskapsåret starter difor ikkje før om hausten og på nyåret.

ETNE KOMMUNE Saksframlegg

Forskrift om kontrollutval og revisjon § 19 pålegg også oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, å gje ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet. Eigenerklæringa for 2020 blir lagt fram for kontrollutvalet i møtet 23.11.20, som sak 26/20.

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og eventuelt informasjon om rekneskaps-revisjonen så langt i 2020, vil altså vere eit ledd i å sjå til at kommunen sine rekneskapar blir revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å komme med innspel til fokusområde i interimsrevisjonen som skal gjennomførast, eventuelt seinare revisjonar, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Konklusjon:
Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte til orientering.

Aksdal, 16.11.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Deloitte.

Revisjonsplan 2020
Etne kommune

08.10.2020

Innhold

- Ansvarsområde for kontrollutvalget
- Oversikt over vår revisjon og forenklet etterlevelseskontroll
- Risikovurdering og vesentlighet
- Revisjonskvalitet og uavhengighet
- Møte- og kommunikasjonsplan
- Mislighetsdiskusjon
- Revisjonsteam
- Ending i lover og regler
- Detaljert plan

© 2020 Deloitte AS

Ansvarsområder for kontrollutvalget

Hvordan oppfylle

Hovedformålet med revisors interaksjon med kontrollutvalget:

- Tydelig kommunikasjon av planlagt omfang for revisjon av årsregnskapet
- Kommunisere tidsriktig vesentlige observasjoner fra revisjonen som er av betydning for kontrollutvalgets rolle i forhold til å overvåke prosessen vedrørende finansiell rapportering
- Gi kontrollutvalget annen informasjon som kan være til hjelp for utvalget i dets arbeid

I

Vi har listet opp noen av kjerneområdene som et kontrollutvalg er ansvarlig for og vil gjennom presentasjonen påpeke hvor det er viktig informasjon som vil kunne støtte kontrollutvalgets arbeid.

Overvåke ekstern revisjon

- Ved oppstart av en revisjonen, påse at omfanget og innretningen av revisjonen er hensiktsmessig og at honoraret står i rimelig forhold.
- Gi anbefalinger vedrørende valg av revisor og implementere en policy i forhold til ekstern revisors leveranser av rådgivningstjenester.

Integritet rapportering

- Påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning (både regnskaps og forvaltningsrevisjon)
- Gjennomgå ekstern revisors observasjoner, vurderinger og oversikt over rapporterte feil og påse at revisjons merknader blir fulgt opp.
- Påse at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak.
- Vurdere fullstendigheten i regnskapsinformasjon, herunder konsistens i informasjon om kommunen.
- Gi uttalelse om kommunens årsregnskap

Intern kontroll og risiko

- Påse at der gjennomføres forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
- Påse at kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjon blir fulgt opp.

Myndighet

- Selvstendig innsynsrett som gjelder alle forhold utvalget finner det nødvendig å undersøke
- Skal ikke overprøve politiske prioriteringer
- Må være ekstra aktsomme i sin vurdering av habilitet

En oversikt over vår revisjon

Identifisere endringer i virksomheten og bransjen
I denne presentasjonen har vi identifisert de viktigste endringene i virksomheten og beskrevet hvordan de påvirker vår revisjonstilnærming.

Omfang
Alle enheter er underlagt lovpålagt revisjon og vil bli revidert basert på vesentlighet med fokus på særskilte risikoer. I planleggingsfasen foretar vi en vurdering av hvilke områder som er vesentlige, hvilke områder som ikke er vesentlige, og omfanget av revisjonen for de ulike områdene

Endelig rapportering
I vår endelige rapportering til kontrollutvalget vil vi konkludere på sentrale forhold ved revisjonen presentert her, samt informere om andre observasjoner vi mener kan være av betydning.

Vesentlighet
Ved planleggingen av revisjonen har vi satt vesentligheten til MNOK 5000 basert på budsjetterte inntekter. Vi vil gjennomføre revisjonen basert på denne vesentlighetsgrensen og vil rapportere alle feil over TNOK 250 til kontrollutvalget.

Sentrale forhold ved revisjonen
I denne presentasjonen vil vi forklare vår risikovurderingsprosess og beskrive de sentrale forholdene ved revisjonen som vi har identifisert.

Kvalitet og uavhengighet
Vi bekrefter at Deloitte er uavhengig av Etne kommune. Uavhengighet og kvalitet i det arbeidet vi utfører tar vi på største alvor. Revisjonskvalitet er vår prioritet nummer en.

© 2020 Deloitte AS

Status 2020

Resultatutvikling
hittil i år
Vesentlige
budsjettendringer
Låneopptak
Prosjekter

Endringer i
nøkkelpersoner/
ansvarsområder

Organisatoriske
endringer

Overholdelse av **lover**
og regler

Spesielle
problemstillinger/
utfordringer

Systemer og andre
endringer

© 2020 Deloitte AS

Risikovurdering regnskapsrevisjon og etterlevelseskontroll

Sannsynlighet for vesentlige feil i regnskapet



Vesentlige risikoforhold

- Basert på møter med ledelsen, samt erfaringer fra fjorårets revisjon har vi gjennomført en risikovurdering. Risikokartet oppsummerer forhold som vil være gjenstand for stor oppmerksomhet i vår revisjon. Vi vil kontinuerlig oppdatere vår risikovurdering og informere om vesentlige endringer som oppstår.
- Risikovurderingen skjer med utgangspunkt i sannsynlighet og konsekvens, og fremgår av figuren.
- De «svarte» risikoforholdene er tema med høy iboende risiko og store beløp. Iboende risiko vurderes som høy ved;
  - Stor grad av skjønn
  - Ikke rutinemessige transaksjoner/ vurderinger
  - Komplekse transaksjoner/regler
- De «mørkeblå» risikoforholdene relaterer seg til regnskapsrevisjon, de «mellomblå» risikoene gjelder både regnskapsrevisjonen og etterlevelseskontrollen. De «lyseblå» risikoforholdene gjelder etterlevelseskontrollen.
- Risiko relatert til engangshendelser vil vurderes løpende med hensyn til vesentlighet og revisjonstilnærming

© 2020 Deloitte AS

Revisjonskvalitet

Vår forpliktelse til kvalitet i revisjonen

Under har vi oppsummert våre forpliktelser til både kontrollutvalget og ledelsen vedrørende områder som vi aktivt vil søke tilbakemeldinger på i forhold til hvordan vi har levert.

Audit Quality Promise

Vi er forpliktet til å gi dere en tydelig og sømløs revisjon. Vi vil:

- levere klar og konsis rapportering på vesentlige forhold og signifikante vurderinger;
- være proaktiv og kommunisere forhold løpende når de oppstår;
- opprettholde en tett og åpen kommunikasjon løpende gjennom revisjonen, og fortsette vår fokus på høy revisjonskvalitet.

Insight

Dere har fortalt oss at dere ønsker innspill til forbedringer fra revisjonen. Som en del av vår kommunikasjonsplan vil vi:

- gi proaktive innspill og utfordre;
- gi tilbakemelding på kompetanse og kapasitet i økonomifunksjonen;
- dele beste praksis vedrørende finansiell rapportering og virksomhetsstyring; og
- gi tilbakemelding på risikovurderinger og internkontroll vedrørende finansiell rapportering.

Enhanced Assurance Options

Når det skjer regulatoriske endringer som vi mener er av betydning for dere vil vi passe på å invitere dere til våre seminarer, sende dere publikasjoner fra Deloitte og gi dere innspill på hvordan vi tror endringen kan påvirke kommunen.

Spotlight ™

I revisjonen for 2020 vil vi bruke dataanalyse for å teste transaksjoner samt øke for forståelse for transaksjonsflyten i regnskapssystemene. Bruk av dataanalyse gir oss muligheten for å analysere store mengder data på kort tid som igjen gir økt effektivitet i gjennomføringen av revisjonen.

© 2020 Deloitte AS. All rights reserved.

Uavhengighet og honorar

I henhold til revisorloven skal vi rapportere til kontrollutvalget på temaene omhandlet nedenfor.

Bekreftelse av uavhengighet

Vi bekrefter at det etter vår vurdering ikke foreligger forhold som kan svekke, påvirke eller reise tvil om Deloittes uavhengighet som revisor for kommunen

Andre tjenester

Vi skal opplyse om hvilke andre tjenester enn lovpliktig revisjon som er levert til kommunen i løpet av regnskapsåret.

Trusler uavhengighet

Det er ikke identifisert trusler mot vår uavhengighet.

© 2020 Deloitte AS. All rights reserved.

Møte- og kommunikasjonsplan

22. Februar Frist for utarbeidelse årsregnskap og klar dokumentasjon vesentlige regnskapsposter

Frist for utkast årsmelding

Presentasjon av revisjonssplan Deloitte og kontrollutvalget

Kontrollutvalgsmøter våren 2021



Oppstart årsoppgjørsrevisjon

Oppstartsmøte og Interimsrevisjon Etne kommune

15. april Frist for revisjonsberetning

Kontrollutvalgsmøte

Mai/juni Kommunestyre, vedtak av årsregnskap og revisjonsberetning

KONTROLL UTVALGET | DELOITTE | Etne KOMMUNE

© 2020 Deloitte AS

Mislighetsansvar og uttalelser fra ledelsen

Nærmere om ansvar

